



Dei fleste sponsorplakatane har no kome på plass i hallen

- Aktivitetshuset kan notera seg for sponsorsuksess, Veggane er fylte med skilt frå rause sponsorar og dette vil truleg gje oss høve til å seinka leiga for dei faste brukarane. Dette er eitt mål for styret.

Slik oppsummerar styreleiar Bjørn Olav Tveit stoda framfor årsmøtet 21. mai der han skal gje roret over til Michael Røssland. I dag har huset 20 sponsorar som samla bidreg med 75 000 kroner



Huset har lån på 1,2 millionar og det var avdragsfritt også i fjor. Faste leigetakarar i 2011 var idrettslaget med 4 timar og skulemusikken med 2 1/2 time i veka og dei betalte 100 kroner i vedteken leigepris. I tillegg har private grupper leigd hallen meir eller mindre fast. Organisert trening kostar 100 kroner timen til faste tider og uorganisert trening utanom faste tider 25 kroner pr. person pr. time og minst 150 kroner pr.time.

Etter opninga har akjtiviteten i styrkerommet teke seg gradvis opp og rommet er no jamnleg i bruk. Det er inngått avtale med eitt privat firma om jamnleg vask av rommet.

Flaskepantordninga er ei solid og trygg inntekt og styret rettar ei stor takk til SPAR for at dei tek bryet med å administrera ordninga.

Bygget er i god stand og i første omgang må det til vern og vedlikehald av tre ute medan LAN Bygg inne har gjort ein solid dugnadsjobb med sparkling og maling av vestibyleveggen.

Eigarskapet har vore døfta men idrettslaget er nøgd med dagens eigarform. Dei er den største eigaren.

Det var eit underskot på 20 567 kroner i fjor.

Av Ola Matti Mathisen

